

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skaare.

Emne: Vatsbering.

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Steinsnes, Skaare. Gard:

(adresse): Haraldsgata 151, Haugesund G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Etter samraading med far, bonde Johan Steinsnes, Skaare,  
fødd 17/3 1869.

## SVAR

1. Ja, ein ber vatn med "vassel" (ein). Vatssele ber ein paa baee akslene, og det er opning for halsen og litt orhola for akslene. Det vanlege er at vatsselebandi er av tog med jærnkrokar i. Me segjer "vasseleband" (eit) og "Vasselekrok" (ein).

Heime hja oss slutta me med trebyttor - i fjøset - kring 1905, men me hadde sinkbyttor før den tid. Elles i bygd i slutta dei og med trebyttor millom 1900 og 1910; men det var venteleg sume som hadde trebyttor seinare og.

2. Nei, me kjenner ikkje til eit sovore vatskjerald. Men sume som hadde lang vatsveg hadde trekrossar som flaut paa vatnet i byttone, for at det ikkje skulde skumpla over.
3. Nei.
4. Kven som helst.
5. Ein brukar "vassel" enno, baade paa smaa og store gardar. Husmenn finst ikkje her.
6. Berre naar det er turk og vatsløysa, lyt ein køyra vatn.
7. Mange har no springvatn eller pumpa baade i fjøs og kjøk; men det er og mange som framleides lyt bera

vatn.